



Bernt Anton Simonsen  
SKARSVEGEN 476  
5911 Alversund

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/60 - 22/11783

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:  
09.02.2022

## Uttale frå landbruk vedr. driftsbygning - GBNR 147/5 og 147/6 Sellevoll

Monica Stenseth og Bernt Anton Simonsen har bedt Landbruksavdelinga i Alver kommune om uttale i forkant av byggjesøknad for ny driftsbygning på GBNR 147/ 5. Dei overtok garden sommaren 2021. På eigedommen var ei gammal løe som var kollapsa. Søkarane har rydda opp og fjerna materialene etter den gamle løa og ønsker no å sette opp ein ny driftsbygning på same stad. Bygningen skal brukast til husrom/ly for småfe, lager i forbindelse med skog- og jordbruk samt vedlikehald av skog/jordbruksredskaper.

Eigedommen består av 4,7 daa fulldyrka jord, 21,1 daa overflatedyrka jord, 4,7 daa innmarksbeite og 237,1 daa produktiv skog. Alt slåtteareal er per i dag leigd bort med munnleg avtale. Søkarane ønsker å drive skogen med vedproduksjon for sal. Dei ønsker å bygge opp ein liten flokk med sau som dei vil ha på utegang. Dei er opptatt av å ta vare på kulturlandskapet og jordressursane på garden, og ønsker å ha sau primært for landskapspleie.

Landbruksavdelinga har vurdert om tiltaket inngår i LNF-formålet i medhald av veilederen «Garden som ressurs».

Tiltaket er openbert knytt til produksjonen på garden. Landbruksavdelinga meiner at den planlagde verksemda er basert på og tilpassa garden sitt ressursgrunnlag. Eigedommen har store skogressursar, og det er rimeleg at det er behov for ein bygning til oppbevaring og vedlikehald av utstyr i forbindelse med skogsdrift og vedproduksjon. Eigedommen har lite dyrka jord. Ein liten flokk med sau er ein fornuftig måte å halde kulturlandskapet og beiteressursane i hevd, og står i forhold til garden sitt ressursgrunnlag. Driftsbygningen vil og gjere nytte som ly for sauene. Dette vil vere ei god løysing som gjev vern mot vind og nedbør, ein eigna fôringsplass og plass for dyr som treng særskilt tilsyn eller stell, Jf. Forskrift om velferd for småfe § 17.

Landbruksavdelinga meiner at tiltaket vil ha positiv verknad på jord- og skogsdrifta på bruket. Tiltaket vil ikkje gje nedbygging av dyrka mark sidan driftsbygningen skal settast opp på same stad som eldre driftsbygning. Bygningen sin størrelse og volum er rimeleg i forhold til omgjevnadane, og landbruksavdelinga kan ikkje sjå at dette vil ha nokon negativ verknad på korkje kulturminner, vannforvaltning, trafikk, naboer eller estetikk. Med tanke på natur- og kulturlandskap vil det vere positivt at det blir drift med beitedyr på garden, og det nye bygget ser ut til å ville gli fint inn i kulturlandskapet på staden. Etter ein heilskapleg vurdering meiner landbrukskontoret at tiltaket fell inn under LNF-formålet og at dispensasjon frå LNF-formålet derfor ikkje er nødvendig. Det er ikkje annan

driftsbygning på bruket som tilfredsstillende dette behovet per i dag. Landbruksavdelinga meiner at bygningen bør reknast som eit nødvendig bygg i forbindelse med landbruksdrift.

Landbruksavdelinga meiner at tiltak som skjer som førebuing til landbruksproduksjon kort tid etter overtaking av landbrukseigedom bør sidestilla med ein pågåande landbruksproduksjon, for å ikkje skape unødige hinder for rekrutteringa til landbruket.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bernt Anton Simonsen

**Mottakarar:**

Bernt Anton Simonsen  
Monica Stenseth

SKARSVEGEN 476  
SKARSVEGEN 476

5911  
5911

Alversund  
Alversund